



KYRKJEBLADET

FOR VESTNES

NR. 1 - MARS 2018

23. ÅRGANG



Oppstandelsen

God påske!

Peter i påskebodskapen

Evangeliet etter Johannes 18, 12-27

Vaktstyrken, kommandanten og vaktmennene til jødane greip no Jesus og batt han. Først førte dei han til Annas, for han var svigerfar til Kaifas, som var øvsteprest det året. Det var Kaifas som hadde gjeve jødane det rådet at det var best om eitt menneske døydde for folket.

Simon Peter og ein annan læresvein følgde etter Jesus. Denne læresveinen var kjend med øvstepresten, og han kom inn på gardsplassen til øvstepresten saman med Jesus. Men Peter vart ståande utanfor ved porten. Den læresveinen som var kjend med øvstepresten, gjekk då ut og tala med tenestejenta som vakta porten, og fekk Peter med seg inn. I det same seier ho til Peter: «Er ikkje du òg ein av læresveinane til denne mannen?» «Nei», svara han, «det er eg ikkje.» Det var kaldt, så tenarane og vaktmennene hadde tent eit bål og stod og varmde seg ved glørne. Peter vart òg ståande der saman med dei og varmde seg.

Øvstepresten spurde no Jesus ut om læresveinane hans og om læra hans. «Eg har tala ope for heile verda», svara Jesus. «Eg har alltid undervist i synagogar og i tempelet, der alle jødar kjem saman; eg har aldri tala i løynd. Men kvifor spør du meg? Spør heller dei som har høyrte meg, kva eg har tala til dei om. Dei veit kva eg har sagt.» Ein av vaktmennene som stod der, slo då Jesus i andletet og sa: «Er det slik du svarar øvstepresten?» Jesus sa til han: «Sa eg noko urett, så vis at det var urett! Men var det rett, kvifor slår du meg då?» Så sende Annas han bunden til øvstepresten Kaifas.

Imedan stod Simon Peter og varmde seg. Då sa dei til han: «Er ikkje du òg ein av læresveinane hans?» Men han nekta og sa: «Nei, det er eg ikkje.» Ein av tenarane til øvstepresten, ein slektning av han som Peter hadde hogge

øyret av, seier: «Såg eg deg ikkje i hagen saman med han?» Men Peter nekta på nytt. Og med det same gol hanen.

Evangeliet etter Johannes 21, 15-23

Jesus og Peter

Då dei hadde halde måltid, seier Jesus til Simon Peter: «Simon, son til Johannes, elsker du meg meir enn desse?» «Ja, Herre», svara han, «du veit at eg har deg kjær.» Jesus seier til han: «Fø lamma mine!» Og han seier til han andre gongen: «Simon, son til Johannes, elsker du meg?» «Ja, Herre», svara Peter, «du veit at eg har deg kjær.» Jesus seier til han: «Gjet sauene mine!» Så seier han tredje gongen: «Simon, son til Johannes, har du meg kjær?» Peter vart sorgfull då Jesus tredje gongen spurde: «Har du meg kjær?» Og han svara: «Herre, du veit alt, du veit at eg har deg kjær.» Jesus seier til han: «Fø sauene mine! Sanneleg, sanneleg, eg seier deg: Då du var ung, batt du sjølv beltet om deg og gjekk dit du ville. Men når du blir gammal, skal du retta ut hendene, og ein annan skal binda beltet om deg og føra deg dit du ikkje vil.» Det sa han for å syna kva slag død han skulle æra Gud med. Då han hadde sagt dette, sa han til Peter: «Følg meg!»

Peter snudde seg og såg at den læresveinen som Jesus hadde kjær, følgde etter. Det var han som hadde bøygd seg nærare inntil Jesus då dei heldt måltid, og spurt: «Herre, kven er det som skal svika deg?» Då Peter såg han, sa han til Jesus: «Herre, korleis skal det så gå med han?» Jesus svara: «Om eg vil at han skal leva til eg kjem, kva har du med det? Følg du meg!» Så spreidde dette ordet seg mellom syskena: «Den læresveinen skal ikkje døy.» Men Jesus sa ikkje at han ikkje skulle døy; det han sa, var: «Om eg vil at han skal leva til eg kjem, kva har så du med det?»

Forsidebildet «Oppstandelsen»

Hilde Straume er en kunstner fra Fiksdal. Etter sykepleierutdanning i Molde giftet hun seg i Fiksdal kirke med Diego Rampoldi fra Italia. Hilde hadde tatt tegnekurs allerede i Molde, men først da hun kom til Italia (Legnano), begynte hun på kunstakademiet "Antonello da Messina". Siden har hun vært innom: landskapsbilder, stilleben, portretter og nå abstrakt kunst med oljemaling. Du ser hun er inspirert av både den vestlandske naturen og varme jordfarger i den italienske naturen. Hun har deltatt på mange ulike utstillinger gjennom årene, mest i Italia. Finn ut mer på nettside www.hildestraume.weebly.com

Hilde forteller mer om maleriet:

«Maleriet "Oppstandelsen" er et bestillingsverk for Kyrkjebladet i Vestnes. Det er et oljemaleri på lerret 60x70.

I Italia sier vi at før eller siden må alle kunstnere male sitt Kristus-maleri, og nå ble det min tur. I stedet for å male et abstrakt bilde, ble det en figurativ Kristus med abstrakt bakgrunn. "Oppstandelsen" viser en levende Kristus med åpne øyne, rolig og balansert, som sprer trygghet og varme. Det røde forteller om smerte og menneskelighet. Både korset og tornekransen har blitt til lys. Hendene begynner å bli utvisket, og blå penselstrøk gir tanker om at han er på veg til en annen dimensjon. Han blir mindre menneske og mer guddommelig.»



Det finst ein Peter i oss alle

Av sokneprest John Sylte

Peter, han er ein av oss. Eg ser for meg Peter som ein brumlebasse, ein grovskoren arbeidskar med godt hjarte, men som kunne snakke rett frå levra. Audbjørg Lippert skildrar denne karen nærare i dette bladet. Peter var ufullkommen og slett ikkje feilfri. Det same gjaldt også dei andre disiplane - men Peter gjekk inn i historia som mannen som ikkje klarte presset når det verkeleg skrudde seg til. Han gjorde det som ein kvar kultur på denne jorda vil fordøme - han sveik og forneakta sin venn og meister.

Thomas var kanskje «tvilaren», men Peter var «svikaren». Lite ærefullt. No kan vi like gjerne snakke om oss sjølv, for Peter er eit godt springbrett til å vere ærleg om oss menneske. Heldigvis skildrar Bibelen mennesket frå forskjellige sider, og eg trur at nettopp dette er ei side av oss mange kjenner seg igjen i. Den sida som sviktar, og som veit det så inderleg godt. Den sida av oss som lovar seg sjølv å bli betre, men som ikkje klarer å levere når det gjeld. På film og i bøker identifiserer vi oss nok ofte med helten. Men i det verkelege livet - der kan vi ofte kjenne på at vi ikkje strekk til. Mange av oss ber på skam og skuld for ting vi har gjort som vi angrar bittært på, - eller ting vi ikkje gjorde, som vi også angrar bittært på. Det er ein Peter i oss alle. Kanskje var du ein som ikkje prøvde å stoppe mobbarane då vennen din blei mobba på skulen? Kanskje blei du med på mobbinga i staden? Kanskje angrar du på noko som har skjedd i familien? Kanskje var du ein som snudde ryggen til nokon du eigentleg er så ufatteleg glad i - fordi du ikkje fekk viljen din? Kanskje fordi *du* er sta? Det er ein Peter i oss alle - også i oss prestar. I kyrkja, i ein kyrkjelyd, der sit vi alle i same båt - ikkje tru noko anna. Vi er alle vesen som vender oss mot Gud med våre eigne historier, som kanskje berre Gud veit om. Vi veit at vi sjølv ikkje strekk til. Lista er ganske lang på det - og ho er lengst for dei med sjølvinnstekt. I desse #metoo-dagar kan ein stille seg spørsmålet: Kva når alle gjerningsmenn er jaga fram? Kva gjer vi med «grisane» som er avslørte? Kan hende nokon av dei ikkje føler skuld, men eg vil tru at mange gjer nettopp det. Eg trur skulda og skamma vil vere overveldande for mange av dei. Fortent! kan vi seie. La dei brenne! kan vi seie. Men ein skal ikkje ha mykje kunnskap om mennesket for å vite at ein då kastar stein i glashus.

No er ikkje dette eit innlegg *mot* #metoo-kampanjen, eller for at overgrep er greitt. Eg vil alltid vere på offeret si side, og ein kan ikkje krevje at eit offer skal tilgi overgriparen sin. Det ville vere eit nytt overgrep. Samtidig er noko av det viktigaste Jesus har lært oss, og noko av det viktigaste kristendommen har med seg, omgrep som: nåde, syndsvedkjenning og tilgiving. Desse omgrepa gjeld også for dei som verkeleg har feila som menneske. Det å kunne snakke ærleg om seg sjølv og si eiga oppleving er viktig i sjelesorga. Og ærleg kan ein berre



Apostelen Peter av Bartolomé Esteban Murillo.

vere om den som sit framfor deg, ikkje fordømer deg nord og ned. Fordøming kveler all ærlegdom og frimodigheit. Då kveler det også sanninga. Alle sjelesørgjarar har snakka med så mange menneske at han/ho veit at sjølv den flottaste fasaden kan bere på mørke inni seg. Han/ho veit at det også finst lys der inne ein stad. Vi menneske er ikkje berre gode eller berre dårlege. Vi er begge delar. Heldigvis såg Gud lyset i oss. Påska handlar om at Gud elskar oss, sjølv om vi er ufullkomne og svake. Heile påska handlar eigentleg om tilgiving og nåde.

Peter trong ingen si fordøming, for han hadde allereie fordømt seg sjølv. Han bar på ei skam og eit mørke som sikkert åt han opp innvendig. Jesus såg likevel lyset i Peter. Ein skamfull fiskar, full av sorg, blei tilgitt og løfta opp. «Svikaren» fekk ein ny start, og ny tillit - han skulle leie flokken vidare. Det gjorde Peter med frimodigheit og omsorg. Han viste seg tilliten verdig. I Bibelen kan vi lese hans eigne ord, orda til ein mild og audmjuk mann, med ei veldig omsorg for flokken sin - oss. Kristendommen handlar om at det finst nokon der ute som ikkje sviktar. Sjølv om Peter svikta Jesus, gjekk Jesus i døden for å berge vennen sin Peter. Jesus døydde for alle oss som ber på det same som Peter gjorde: skam, fordøming, håpløyse, skuld og mørke. Påska handlar om at vi aldri meir er åleine i mørkret. Det finst ein Peter i oss alle - takk og lov for Jesus!

Han er oppstanden

Tekst/melodi: Afrikansk folketone/ukjent

Han er oppstanden. Halleluja!
Lov ham og pris ham! Halleluja!
Jesus, vår Frelser, lenkene brøt.
Han har beseiret mørke og død.
*Lov ham og pris ham, vår Frelser og venn,
Han som gir synderen livet igjen.
Halleluja, vi skyldfrie er.
Halleluja, vår Jesus er her!*

Tre dager dødens fange han var
før han stod opp og seieren var klar.
Tvers gjennom gravens stengsel han gikk.
Frelse og fred ved Jesus vi fikk.
*Lov ham og pris ham, vår Frelser og venn,
Han som gir synderen livet igjen.
Halleluja, vi skyldfrie er.
Halleluja, vår Jesus er her!*

Engelen ropte: Frykt ikke mer!
Han som du søker, er ikke her.
Se, der er stedet hvor han ble lagt.
Han har stått opp - som selv han har sagt.
*Lov ham og pris ham, vår Frelser og venn,
Han som gir synderen livet igjen.
Halleluja, vi skyldfrie er.
Halleluja, vår Jesus er her!*

Gå og fortell at tom er hans grav.
Livet han vant, da livet han gav.
Gav det for oss og kjøpte oss fri.
Frelse og fred han alle vil gi.
*Lov ham og pris ham, vår Frelser og venn,
Han som gir synderen livet igjen.
Halleluja, vi skyldfrie er.
Halleluja, vår Jesus er her!*

Kva skjedde mellom påske og pinse?

Av Finn Arne Roaldsnes

Spørsmålet er kva som skjedde med Jesus og læresveinane i tida mellom påske og pinse.

Det er 50 dagar frå påske til pinse. Men det skjedde noko veldig viktig etter 40 dagar òg.

Då for Jesus opp til himmelen og sette seg ved høgre handa åt Gud, den allmechtige.

Men om tida mellom påske og Kristi Himmelfart skriv Lukas dette: « Etter at han hadde lide døden, stig han levande fram for dei med mange klare bevis om at han levde. I førti dagar synte han seg for dei og tala om det som hørde Guds rike til.»

KONSOLIDERING

Jesus måtte vise seg mange gongar for i det heile tatt å overbevise læresveinane om at han verkeleg hadde stått opp kroppsleg. Han bad dei difor om mat, og han åt. Han viste dei sår, og Thomas vart overvelda over det faktum at han ikkje var ei ånd, men eit menneske.

Han gjekk ilag med to av læresveinane til Emmaus, og han viste dei at skriftene var sanne om at han var Messias og verda sin frelsar. Med det seier Gud at vi må gå til Bibelen og lese for at vi skal tru at Jesus stod opp igjen.

Paulus skreiv i sitt brev til korintarane at han også viste seg for meir enn 500 menneske. Sanninga i dette kunne dei kvalitetssikre ved å spørje dei som enno levde av dei som då hadde sett han.

MEN på tross av dette var det nokon som framleis tvilte då Jesus møtte dei på eit høgt fjell for å gi dei misjonsbefalinga.

FEIRING PÅ SØNDAGEN

Rett etter himmelfarten begynte dei første kristne å feire oppstoda. Dei feira tidleg om morgonen den første dagen i veka, før dei gjekk på arbeid. Det var lik den feiringa vi har på søndagane: Lesing av Guds ord, salmesong, truvedkjenning, forbøn, utlegging av ordet og nattverd.

KRISTI HIMMELFART

Kristus for opp til himmelen. Han vart opphøgja til å sitje ved Gud Faders hand. Der har han ei rolle som forbedar for kvar einskild av oss.

Men før han for opp, gav han dei misjonsbefalinga. Det var å gå ut i all verda å forkynne hans død og siger. Dette oppdraget gjeld også oss, for alle har enno ikkje tatt imot nyhendet.

Men når alle har fått høyrte, skal han kome tilbake på same måte som han for opp til himmelen.

DAGANE FØR PINSE

Jesus bad dei om å fare ned frå fjellet og tilbake til Jerusalem. Der skulle dei vente på Guds Ande. Den skulle dei få for å få krefter og utrustning til misjonsoppdraget. Femti dagar etter påske vart dei alle fylte med Den Heilage Ande. Dette vart starten på Kristi verdsvide kyrkje.



...alt ned til mauren i mold!

OPPDAG HELHETEN – Jorden er en vev uten sømmer som ingen har rett til å rive i stykker.

Av Per Audun Høgset

Tenk deg at Vårherre strikka jorda i byrjinga, og at heile kloden vår er eit enormt handarbeid med intrikate mønster. Kvar mauske blir viktig i dette enorme strikketøyet. Dersom ei mauske raknar, får det konsekvensar for dei mauskene som er rundt denne. Kanskje kan det bøtast på, men kva skjer dersom mange slike blir slitne i stykke? Desto fleire slike svake punkt, desto større sjanse for at heile skaparverket smuldrar opp.



Jorda er ein vev utan saumar, står det i Hustavla i julenummeret av Kyrkjebladet. Ikkje eingong biletet av ei strikka jordklode er nok til å illustrere kor mangfaldig og rikt vårt vesle støvkorn i utkanten av Melkevegen er. Det myldrar av liv i lufta, i vatnet og ikkje minst i molda under føtene våre.

Bøkene «Blå» og «Bienes historie» av Maja Lunde fortel om ulike sider ved Vårherres skaparverk som vi er i ferd med å øydelegge. I boka «Blå» skildrar ho konsekvensane av forureining og misbruk av ferskvatn. Det fører til at delar av Europa blir ein tørr ørken med død, folkevandring og stengde grenser som resultat. I «Bienes historie» skildrar ho følgjene av at insekt og andre små kryp forsvinn: matmangel, ørken og ei jord som ikkje lenger er leveleg for verken menneske eller andre artar. Samstundes som historiene hennar delvis går føre seg i ei ikkje altfor fjern framtid, får vi også innsikt i det som skjer i vårt forbruks-

hysteriske samfunn. Mot slutten av begge bøkene er det lyspunkt, men det krev at vi som lever i dag, tek ansvar og legg om våre vanar. Vi må sjå heilskapen; «jorda er en vev uten sømmer, som ingen har rett til å rive i stykker». Forureining, miljøkatastrofar og øydeleggjande ekstremvêr stoppar ikkje ved våre menneskeskapte grenser; dei kjem ikkje syklande over Storskog og finn seg slett ikkje i å bli returnerte til opphavslandet sitt.

Kva tenkjer du på når du høyrer ord som miljøvern, avskoging ol? Vi tenkjer nok først og fremst på større dyr som er sjeldne. Dei er også viktige i den store livsveven, men vi gløymer ofte det som gjev grunnlag for at dei større dyra og vi menneske kan leve her på det vesle støvkornet som er vår heim i universet.

Skjæraasen skriv i diktet «Du ska itte trø i graset» at «Mållaust liv har òg ei meining du lyt sjå og tenkja på». Han skulle berre visst kor treffsikker han var. For under føtene våre er det ein rikdom utan like. Det yrer av «mållaust» liv.

«Jordboka» av Dag Jørund Lønning fokuserer nettopp på det livet som finst i molda, korleis vi kan berge kloden vår og leve meir i pakt med naturen dersom vi går frå å forgifte og utarme den molda som vi er avhengige av. Forfattaren skildrar i «Jordboka» ein verkeleg grøn revolusjon som tek på alvor «det fantastiske universet under føtene våre». Vi har i altfor lang tid sett på oss sjølve som «Mennesket Erobraren» som legg jorda under seg, lenge har nokre også trudd at Moder Jord lèt seg berge av «Mennesket Forvaltaren», men no er det på høg tid at «Mennesket Skaparen» gjer sitt inntog, skriv Lønning. Vi kan sjølv sagt aldri bli, og må heller ikkje innbille oss at vi kan erstatte, Skaparen som både skapte og framleis nyskaper dette enorme universet som vi lever i. Dersom vi viser oss audmjuke nok til å stille oss lyttande og lærande til Skaparen og skaparverket, kan vi kanskje få fornya tillit som «Mennesket Medskaparen». Vi må rydde opp etter oss. Vi har altfor lenge levd i den tru at vi kan finne opp ting som reddar jorda, ny teknologi og meir skånsame plantegifter i jord- og hagebruk og at politikarar som møtest, smiler og set sine signaturar på eit papir, skal redde oss frå hav fulle av plast og giftstoff. Forbrukssamfunnet der ein er avhengig av at vi kvart år set nye rekordar for pengebruk og kjøp av ting ein ikkje visste at ein hadde bruk for, er heller ikkje svaret.



Ein neve med levande jord kan innehalde ein trillion (!) mikroorganismar, medan eit jordstykke på ein dekar kan innehalde 125 kilo meitemark og eit halvt tonn med nyttige bakteriar. (ill. frå «Jordboka»)

Lillebjørn Nilsen sin tekst «Barn av regnbuen» seier det så enkelt og tydeleg:

*Noen tror det ikke nytter,
noen kaster tiden bort med prat,
noen tror visst vi kan leve
av plast og syntetisk mat,
og noen stjeler fra de unge
som blir sendt ut for å slåss,
noen stjeler fra de mange
som kommer etter oss.*

*En himmel full av stjerner,
blått hav så langt du ser,
en jord der blomster gror,
kan du ønske mer?*

*Sammen skal vi leve
hver søster og hver bror,
små barn av regnbuen
og en frodig jord.*

*Men si det til alle barna,
og si det til hver far og mor;
Dette er vår siste sjanse
til å dele et håp og en jord.*

«Dette er vår siste sjanse til å dele et håp og en jord.»
Sterke, men sanne ord.

Forfatternen av «Jordboka» hevdar at nøkkelen til å løyse mange av dei store utfordringane vi står overfor, kan vise seg å finnast i molda, til dømes klimaendringar, erosjon og tap av matjord med matmangel og naud som resultat.

Han skriv vidare at «verdas kanskje mest produktive bønder verken pløgjer, gjødslar, sprøyter eller lukar. Dei har i staden rekruttert den mest intelligente hjelp og teknologi som er å få tak i, universet i molda.» Eit univers så rikt på liv at det er vanskeleg å fatte. Ikkje berre maur og makk, men ein heil hærskare av småkryp, sopp, mikroorganismar og bakteriar som mellom anna er med på å binde opp karbon i jorda, skaffe plantane dei næringsstoffa som dei treng, verne nyttige plantar mot sjukdomar, fjerne giftstoff for å nemne noko av det som skjer rundt røtene nede i molda. Eit døme på den fantastiske veven av liv i lufta, i vatnet og i molda under føtene våre.

Vi får berre brette opp ermene, godtfolk, stikke fingeren i jorda, og ta vår del av arbeidet framover. Dersom du eig ei verandakasse, ein hagefleck, produserer mat i større eller mindre målestokk, haustar av dei gåvene naturen gir, eller er avhengig av å få i deg ein og annan matbeten av og til, og skal lese ei bok i år, vil eg råde deg til å investere i boka til Dag Jørund Lønning; «Jordboka».

Trø gjerne i graset og naturen så ofte du kan, men med respekt for det mållause livet rundt deg og under føtene dine. Trø varsamt!



Ein kyrkjegard med særpreg

Av Petter Inge Bergheim

For om lag 25 år sidan hadde eg, som kyrkjeverje, dåverande kyrkjegardskonsulent Helge Klingberg med på synfaring på Fiksdal kyrkjegard. Då me runda tårnet og kom inn på den eldste delen av kyrkjegarden, braut han spontant ut: «Det var befriende». Kva tankar og kjensler som då rørte seg i hovudet på mannen med ansvar for landet sine bortimot 3000 gravplassar og kyrkjegardar, og som hadde besøkt dei fleste av dei, veit eg ikkje. Men eg har etter kvart forstått at det mellom anna gjekk på variasjon og særpreg på gravminna som fortel si historie, ikkje berre om dei etterlatne sine ynskje og tankar, men også om motar, lokale ressursar og økonomi mellom folket i samtida. Symbolbruken spenner frå tradisjonelle kristne symbol til mange av symbola inspirert av antikken si gudelære.

Med denne bakgrunnen var vi svært glade då Helge Klingberg sa ja til å skrive om gravminna på kyrkjegarden i jubileumsboka for Fiksdal kyrkje. Den store variasjonen av gravminne av stein og støypejern omtalar han som svært sjeldan i våre dagar. Den opphavelige kyrkjegarden sin autentisitet frå dei første hundre åra meiner Klingberg gjer han til eit typisk verneobjekt, slik at han over lengre tid ikkje mister særpreget sitt. Nokre av dei eldste gravminna, av lokalt opphav, er særleg omtala.

I tillegg til over 20 bilete med omtale av ulike gravminne har Klingberg funne plass til forklaring av mange av symbola.

Omtalen av nokre av symbola i artikkelen er refererte her og illustrerte med bilete frå jubileumsboka.

Flate obeliskar av marmor på kyrkjegarden er kopiar av gravminne frå antikken. Den kristne krossen går att på dei fleste gravminna.

Støypejernkrossane er eit moteuttrykk som hadde glansperiode frå om lag 1870 til om lag 1920. Symbola på jernkrossane er mange. Vi tek her med to av dei.

Den nedovervende fakkelen. Fakkelen er kjærleikssymbolet i klassisismen. Den nedsenka fakkelen viser at livet har slokna og er difor eit sørgjesymbol.

Mannen med låen eller dødsengelen er også eit symbol som stammar frå antikken. Dette symbolet finn ein nokså sjeldan på kyrkjegardane våre. Det symboliserer at alle skal dø, og ingen sparast, slik låen tek med seg alt, både nyttevekstar og ugras.

Dagen og Natta er to porselensmedaljongar frå slutten av 1800-talet og utover 1900-talet vi finn på fleire gravminne på kyrkjegarden. Dei er forma av den danske bilethoggaren Bertel Thorvaldsen. Begge viser ei kvinne med vengjer på flukt. Dagens skapning flyg mot høgre og ber eit barn på ryggen. Barnet ber ein fakkell og strør ut

rosar. Ho kallast aurora og er ei personifisering av morgongryet etter romersk tru. Nattas skapning flyg mot venstre og held dei to borna sine Søvn og Død i famnen. Ho har ein valmuekrans om hovudet, og ei ugle flyg ved sida av henne. Valmuen er søvnen sitt symbol, og ugle er natta sin fugl. Dagen og Natta symboliserer lyset og mørket, livet og døden.

Bileta er frå jubileumsboka Fiksdal kyrkje 150 år og er tekne av Edmund Melkild etter tilvising frå Helge Klingberg.



Flate obeliskar av marmor.



Nedsenka fakkell. Eit sørgjesymbol.



Dødsengelen. Mannen med låen.



Medaljongen «Dagen»



Medaljongen «Natta»

Deg være ære

T: Edmond L. Budry

O: Arne Fjelberg

M: G. Fr. Händel

Deg være ære,
Herre over dødens makt!
Evig skal døden være
Kristus underlagt.
Lyset fyller haven,
se, en engel kom,
åpnet den stengte graven,
Jesu grav er tom!

Deg være ære,
Herre over dødens makt!
Evig skal døden være
Kristus underlagt.

Se, Herren lever!
Salig morgenstund!
Mørkets makter bever.
Trygg er troens grunn.
Jubelropet runger:
Frelseren er her!
Pris ham, alle tunger,
Kristus Herre er!

Deg være ære,
Herre over dødens makt!
Evig skal døden være
Kristus underlagt.

Frykt ikke mere!
Evig er han med.
Troens øye ser det:
Han gir liv og fred.
Kristi navn er ære,
seier er hans vei,
evig skal han regjere,
aldri frykter jeg.

Deg være ære,
Herre over dødens makt!
Evig skal døden være
Kristus underlagt.

Inger Marie Jakobsen Sylte takkar for seg som sokneprest i Vestnes

I samtale med Audbjørg Gjerde Lippert

Søndag 18. februar var det avskilsgudsteneste med Inger Marie i Tresfjord kyrkje. Det har vel ikkje vore vanleg at Kyrkjebladet siterer Facebook, men denne gongen har vi lyst å ta med det Benedikte Ulrich skreiv der etter gudstenesta:

«Avskjedsgudsteneste i Tresfjord kyrkje for vår kjære sokneprest Inger Marie Jakobsen Sylte! Tusen takk for omsorga og engasjementet ditt gjennom mange år, Mie! Du har gjort eit fantastisk arbeid som prest, spesielt for Topp Safari Trusopplæring for barn i alle aldrar! Du har gitt dei og føresette mange gode opplevingar, både innandørs og i friluft, som dei tek med seg vidare som gode og lærerike minne!»

Eg synest dette er eit fint utgangspunkt for samtalen med Inger Marie, der vi gjerne vil høyre litt om korleis ho har opplevd tida som sokneprest i kommunen vår.

Å vere prest i Vestnes har gitt meg mange fine opplevingar. Det har vore ei meningsfylt tid med personlege og verdifulle møte med menneske i ulike livssituasjonar. Kanskje det som er mest spennande med å vere prest, er at det er eit allsidig arbeid som gjer at ein får brukt mange sider ved seg sjølv. Gudstenesta på søndag er berre ein liten del av arbeidet. Ein vanleg dag kan innebere dåpsamtale med ein familie og sørgjesamtale med ein annan. Elles blir vekene fort fylte opp med ulike aktivitetar, -planleggingsmøte med stab, soknerådsmøte, førebuing til gudsteneste og andakt, konfirmantundervisning, sjelesorgsamtale samt barne- og ungdomsarbeid. For meg er desse skiftingane sjølve livet på godt og vondt: barnleg latter, alvor, glede, sorg og krise, og ikkje minst, all den gode kristentrua som for mange er noko som alltid er der, og som ein ofte kjem tilbake til for å hente styrke.

Vi lurar på om det er sider ved prestestillinga ho brenn meir for enn andre. Alt kan vel ikkje vere like meningsfylt for presten heller?

Eg synest det som skjer i presten sitt arbeid, ofte heng saman i ein lang, raud tråd. Eg opplever faktisk at alle delar gir mening når ein ser på det som eit heilt bilete. Om eg likevel skal trekke fram noko, må det vere dei liturgiske handlingane ved gudsteneste, gravferd og vigsel. Det er òg fint å kunne gi nattverd ved eit sjukeleie eller ved andre behov. Då lagar vi til eit altar med kvit duk, bibel, kors,



Inger Marie. Foto: Audbjørg Gjerde Lippert.

nattverdelement, levande lys og salmebok. Eg trur ikkje alle veit at vi prestar kan lage til eit liturgisk rom der vedkommande er.

Å vere prest er vel på mange måtar ein einsam jobb? Korleis taklar du vanskelege og tunge situasjonar du kjem i?

I presteyrket er teieplikta fullstendig bindande. Det er ein tryggleik for dei vi møter, og det gjer det kanskje derfor lettare for opne, ærlege og gode samtalar. Ein er einsam med å bere på mange si historie, og slik må det vere; det er tryggleiken ein kan gi til den som fortel. Slik einsemd går det fint å ha for min del, for arbeidet er sosialt elles. Heldigvis er vi fleire prestar, og vi har ein stab rundt oss som har si teieplikt på ulike område. For meg er det dessutan naturleg og meningsfylt at prestearbeidet vekslar mellom sorg og glede.

Presten er òg forkynnar, lærar. Det kunne vere interessant å høyre korleis du ser på det.

Inger Marie fortel at då ho begynte som trusopplæringsprest i 2007, var det utruleg spennande å få bli med på å

sette trusopplæringsplanen ut i livet. Her skulle Bibelen, opplevingar og aldersgrupper flettast saman. Dette gjeld i grunnen trusopplæring for kyrkjelyden generelt: vise evangeliet på ein måte som er truverdig. For min del held eg kyrkjeåret svært høgt. Her finn eg pulsen for det åndelege. Her ligg det ein rytme som for meg er trusgivande: at det eine heng saman med det andre. Ho held fram: Eg er kanskje ikkje den som i ei preike trekker fram teologiske frasar og slår om meg med teologisk terminologi. Eg kunne gjort det, men det er ikkje heilt meg. Det trur eg heng saman med at eg er for at evangeliet skal framsnakkast slik at det kan inspirere til tru som held i det daglege livet. For nokon er det å høyre greske og hebraiske ord, og tolkingar av desse, ei stor trusstyrking. Eg synest òg at dette er interessant som fagfelt, men det som verkeleg gir meg ei styrka tru, er at evangeliet kan vere lett tilgjengeleg, ikkje berre gjennom ord, men gjennom fellesskap, bibel-tekst, bønn, liturgi, salmar og skaparverk (naturen).

Vi spør om det går an å vere både prest og «vanleg menneske» i lokalmiljøet og elles. Eller er ho presten uansett?

Her er Vestnes kommune raus. Eg trur innbyggjarane opplever at kyrkja blir godt framsnakka både av dei som arbeider i kommunen, i skulen og i pressa. Eg har aldri synest det har vore vanskeleg å seie at eg er kristen, og eg fortel gjerne at mitt arbeid er det beste for meg, - eit arbeid i ein kyrkjestab. Prestar er heilt vanlege menneske faktisk, seier ho leande. Kven kunne tru det? held ho spøkande fram. Eg, Inger Marie, gjer og kjem alltid til å gjere feil her og der. Eg må som andre be om orsaking om eg har trakka over streken, både når det gjeld familie, venner og andre. I grunnen er eg ikkje så oppteken av kva folk meiner om meg. Berre eg står for det eg gjer, kan folk velje å sjå meg som den dei ynskjer. Eg har mange gode venner rundt om i kommunen som eg veit ser på meg som Inger Marie. Det held for meg.

Den siste tida har du vel hatt andre oppgåver ved sida av prekestillinga, stemmer ikkje det?

Ja, eg har halde på med ulike typar teneste dei siste åra. I papira står det at John og eg er prestar i kommunen, sidan han begynte i Vestnes og Fiksdal sokn. Men i verkelegheita har det ikkje fungert slikt. Det er ein morosam tanke at vi er prestane som alle i kommunen skal forhalde seg til, men eg trur det hadde blitt litt rart i lengda. Eg var faktisk allereie ute av mi stilling før han kom inn. Dei siste åra har eg hatt redusert helse, og sidan hørselen min har gått endå meir ned, kompenserer han med å lage lydar som berre eg høyrer. Eg har tinnitus og høyrer både brannalarmar, susing, banking og piping døgnet rundt. Ganske fascinerande i grunnen, men det er også utruleg utmattande og tek mykje energi og konsentrasjon. Her er eg heldig som har

god oppfølging frå arbeidsgivar, fastlege og NAV. Eg har prøvd meg i ulike arbeidsprosentar og har også hatt ein tilpassa, «flytande» prestejobb i prostiet med hovudvekt på Rauma og Vestnes.

Vi veit at mange har sett pris på deg som prest og vil sakne deg no som du sluttar. Du har vel gode grunnar for valet du har gjort, seier vi og spør kva ho skal halde på med framover.

Det er godt å ha kjent at prestejobben er givande og noko eg trivst godt i, og det er fullt mogleg at eg ein gong kjem til å søke meg tilbake til ei prekestilling, men akkurat no er det rett at eg prøver meg på noko anna. Eg har framleis same arbeidsgivar, men ny arbeidsstad. I januar byrja eg i ei mindre stilling som rådgjevar for ungdom ved Bispedømerådskontoret i Molde. Mi fyrste oppgåve der var å legge til rette for Ungdomstinget i Molde 3. og 4. mars. Elles er eg allereie blitt spurd om å vere vikar i ei gudsteneste i Vestnes, så heilt slepp de ikkje unna meg, seier Inger Marie med eit smil.

Vi ønskjer lykke til på ny arbeidsstad, der Inger Marie utan tvil har viktige arbeidsoppgåver framfor seg. Vi har heller ikkje noko imot å sjå henne hos oss som vikar når høvet byr seg. Det trur eg mange vil glede seg over.



Prost Erling Nevland, sokneprest Inger Marie J. Sylte, sokneprest John Sylte. Foto: Benedikte Ulrich.

Lys vaken i Fiksdal 2017

Av Monica Bergheim

2. desember 2017 vart det arrangert Lys vaken i Fiksdal kyrkje. På grunn av små elevkull var det denne gongen elevar frå både 6. og 7. klasse som vart inviterte. Kvelden i kyrkja starta med at Petter Inge Bergheim fortalde frå kyrkja si historie på ein levande og engasjerande måte.

Mellom anna fekk alle ungdommane ta plass i den kyrkje-benken dei frå gammalt av høyrde til. I tida etter at kyrkja var bygd i 1866, var det slik at alle gardane i bygda hadde sin eigen benk som dei sat i under gudstenesta. Om benken var plassert langt fram eller bak i kyrkja, var avhengig av mellom anna storleik på garden. Denne kvelden fekk ungdommane ta plass i sin benk ut i frå gardstilknytning. Alle venta i spenning på å få høyre sitt namn bli ropt opp og å få vite kva for ein benk dei skulle gå inn i. Stemninga var god, og latteren sat laust hos ungdommane under seansen. I tillegg fekk vi høyre historia bak altertavla, som i si tid først stod i kapellet ved Reknes Hospital. Den vart gjeven til kapellet ved Reknes Hospital av futen på Gjermundnes, Børge Jakobsen Eeg og kona Anna Cathrine Mortensdatter Schultz, og kom etter kvart til Fiksdal kyrkje. Alle frammøtte, store som små, fekk si rolle i slektstreet frå Børge og Anna Cathrine, og heilt fram til vår tid. Gjennom resonnement kom vi fram til at ein av deltakarane under Lys vaken, Stein Håvard Vike Bøe, altså er 7 gonger tippoldebarnet til Børge og Anna Cathrine! Dette var stas!

Som første gruppe Lys vaken etter at det var skrive bok om



Deltakarar på Lys vaken i Fiksdal 2017 var: Stein Håvard Vike Bøe, Cornelia Marken Vikås, Ingvild Therese Bergheim, Per Iver Rekdal og David Ringsby.

kyrkja vår, fekk alle kvart sitt eksemplar av «Fiksdal kyrkje 150 år», signert av Petter Inge Bergheim. Dette slo an etter det engasjerande historiske glimtet dei no hadde fått.

Etter ei matøkt med pizza og brus var det tid for omvising i tårnet saman med Thor Ringsby.

Vel nede i kyrkja igjen var det tid for quiz og framføring av Lys vaken-songen før Reidun Johanne Ringsby avrunda kvelden med andakt og mandarin. Der snakka ho om at vi skal vere lys vakne for det som skjer i oss og rundt oss. Vi skal vere vakne overfor Gud, kvarandre og oss sjølve. Og ikkje minst kan vi oppleve at Gud er lys vaken for oss.

Tårnagentar i Fiksdal

Av Monica Bergheim



Flinke tårnagentar som får med seg alle detaljar.

Det var tre forventningsfulle jenter som hadde meldt seg som Tårnagentar i Fiksdal første helga i februar. Vilde Marie, Aurora og Johanne løyste mysterium, dansa til Tårnagentsongen og fann ein skatt i kyrkjetårnet. Sjølv sagt måtte dei ha agentmat, og etterpå klipte dei ut hemmelege beskjedar som vart gøynde i kyrkja til dei frammøtte på gudstenesta dagen etter. Dagen vart avrunda med eit turntårn til ære for fotografen.



Sjolv berre 3 tårnagentar klarer å lage tårn.

Karnevalsgudsteneste med tårnagentar og førsteklassingar

Av Ellen Edvardsen. Alle foto: Trine Risvik



Karnevalsinntog med prinsesser, gardbrukarar, superheltar...



Barnekor frå Helland og Tomrefjord med dei kjempeflinke solistane Thea Josefine Holseter og Ada Kristine Johansen.



Tårnagentane er med på fisketur saman med «Peter».



Mange fornøgde 1. klassingar med 6-årsboka.

Måleri som takk for bokskriving

Av Monica Bergheim

Petter Inge Bergheim, Kjell Arne Nakken og Ivar Magne Bergheim har gjort ein framifrå innsats med å skrive boka «Fiksdal kyrkje 150 år». Etter gudstenesta 25.12.17 fekk dei kvart sitt måleri frå soknerådet som takk. Soknerådsleiar Thor Ringsby takka for alle dugnadstimane dei har lagt ned i dette arbeidet, og for at dei har greidd å samle så mykje historie som no er innbunde mellom to permar. Motiva på bileta er henta frå kjente fjelltoppar i Romsdal og er måla av kunstnaren Berit Barlaup.



Nokre tankar om kors og kyrkje

Av Per Bjørn Ellingseter

Påska er den sentrale høgtida i den kristne kyrkja, og korset er det viktigaste symbolet for kristendommen. Korset symboliserer ikkje berre påskebodskapen om Jesu lidning, død og oppstode. Det har også gjennom heile tida sidan Jesus gjekk her på jorda, vore samlingsmerket for alle som kallar seg kristne.

Før det vart gudshus i alle større bygder i landet, hadde dei kristne gjerne sine samlingsplassar i friluft. På desse stadene var det gjerne plassert eit kors for å vise at der var ein heilag stad. Desse korsa kunne også tene som bønne-stader for dei sjøfarande langs kysten, som den tida, endå meir enn i dag, var utsette for utfordringar frå vêr og vind.

Lokalhistorieforteljaren Ivar Brovold fortel om to slike stader her i Vestnes kommune, den eine ved storgarden Gjermundnes:

På Korsstønæsset stod i den katholske tid, før kirker byggedes, et kors, som en munk havde årligt tilsyn med, og modtog gaver til det vedligeholdelse af dem, som under hans nærværelse knælede rundt dette kors og bad sit Paternoster [fadervår] og sin Ave Maria [bøn til Maria], og fremsagde sit Credo [truedkjennning] ilag med ham. Enhver af datidens gode katolikere, som roede næsset forbi, måtte lægge i land og gå op til korset og knælende forrette sin andagt. Bemeldte munk betjente også folket som kom til korset, med dåb og nadverd.

På ein annan storgard, Gjelstein, var det også eit liknande kors, etter det Brovold fortel:

«Korsageren» ret ned for husene og nede ved stranden, minder om at der i den katholske tid, førend kirker byggedes, var reist et steinkors her, hvor man knælede og bad sit Paternoster og sit Ave Maria, samt bekjendte sit Credo og forrettede sin andagt, medens inspiserende munke havde tilsyn med korsets vedligeholdelse, samt er par ganger om året forrettede dåb og nadverd for den korssøkende almue.

Korsa på Gjermundnes og Gjelstein eksisterer ikkje lenger, men det finst bortimot hundre bevarte steinkors andre stader i Noreg. Dei fleste av dei finn vi på vestlandskysten sør for oss. I Eivindvik i Sogn finst det endå til to slike, og då er det lett å forstå at Gulen kommune bruker desse til symbol i kommunevåpenet sitt.

Dette med *kors* og *kyrkje* vart tidlegare brukt i nokre faste uttrykk, som kanskje er så gamle at dei skriv seg



Steinkorset på Kvitsøy i Rogaland er eitt av dei største som er bevart i Noreg. Det er ca. 3,9 m høgt.

frå den tida at begge alternativa for samling om Guds ord eksisterte. Brovold fortel at *senere, da enkelte kirker byggedes, og man havde valget enten man vilde forrette sin andagt i kirken eller ved korset, hedte det om de likegyldige: «Han kommer hverken til kors eller kirke».*

Dette uttrykket er kanskje i bruk framleis? Eit anna uttrykk, som eg har høyrte frå folk som er eldre enn meg, blir brukt for å beskrive eit ekstra fint klesplagg: *«Dette kan eg bruke både til kors og kyrkje».* Ein person som gjekk slurvete kledd, kunne bli omtala slik: *«Han gjeng i same kleda både til kors og kyrkje!».*

Ei *korskyrkje* er eit kjent omgrep frå kyrkjearkitekturen. Kors kyrkje ved Marstein i Rauma kommune er eit godt døme på denne byggestilen, der kyrkjerommet er korsforma.

Korset dukkar ofte opp i daglegspråket vårt. Vi høyrer av og til om politikarar og andre som av ein eller annan grunn

må «*krype til korset*». Det tyder vel noko slikt som at ein erkjenner ein feil, innrømmer ein tabbe eller at ein må gå tilbake på noko ein har sagt.

Vi ser ofte at folk *korsar* seg når dei står framføre ei utfordring. I vinter har vi ofte sett dette t.d. hos austeuropeiske skihopparar. «*Kors på halsen!*» blir det ofte sagt for å forsikre om at vi snakkar sant. I meir direkte tyding hugsar vi at det nyleg vart ein liten debatt om kor vidt ein kvinneleg nyheitsopplesar i den statlege mediekanalen vår, NRK, skulle få lov til å ha eit korsforma smykke på seg under sending.

Om ein person som ikkje hjelper til der det er forventa, kan det bli sagt: «*Han legg ikkje to pinnar i kors!*». Ein person som var til plage og ulempe for familien, kunne bli kalla eit «huskors». Det var nok helst karar som brukte dette dersom dei meinte konene deira var vanskelege.

Forma på korset gjer at dette ordet også blir brukt om ein stad der vegar møtest, altså eit vegkryss. I Fiksdalen veit alle kva vi snakkar om når vi seier at nokon bur «*på Kors*».

Dette var berre nokre få spreidde eksempel på korleis dette sentrale ordet frå påskebodskapen har gått inn i daglegspråket vårt. Vi bruker det nok oftare enn vi veit, kanskje utan å tenke så nøye over det.

Eg vil gjerne runde av desse tankane omkring kors og kyrkje med fire gode ord som kan lesast på ei tavle ved preikestolen i Fiksdal kyrkje: «*Ave crux, spes unica*». Denne gamle katolske bønna blir mi påskehelsing til lesarane av Kyrkjebladet. På norsk: *Ver helsa, kors, vårt einaste håp*.

Gudstenestevandring til Korsstøneset

Av Asbjørn Gisnås

Den årlege gudstenestevandringa på forsommaren til Korsstøneset ved Gjermundnes har vorte ein tradisjon. For om lag 15 år sidan laga sokneprest Finn Arne Roaldsnes eit opplegg til ei vandring langs fjøra frå Gjermundnesbukta vestover til Korsstøneset. Denne strekninga er ei flott ramme for ei gudsteneste med undring over skaparverket og naturen. Seinare har sokneprest Signe Hellevik fornya opplegget litt, men det følgjer same rute og tema, med fleire stopp undervegs med tekstlesing og song.

Vandringa endar med nattverd ved krossen på Korsstøneset. Her skal det ha stått ein kross i eldre tider, der det vart halde messe dersom vêret var for dårleg til å segle eller ro til kyrkja på Veøya.

Vike sokneråd sørgjer for kyrkjekaffi i det fri. I år blir Korsstønesvandringa 10. juni kl. 12.00, med John Sylte som prest. Velkomen frå alle bygder i Vestnes! Frammøte ved parkeringsplassen i Gjermundnesbukta. Det er veg dit ned frå Gjermundnes vidaregåande skule.



Signe med fleire, 2014. Foto: Svein Oskar Smogeli



Finn Arne, 2005. Foto: Asbjørn Gisnås

Konfirmantar i Vestnes kommune våren 2018

Vestnes kyrkje 06. mai

Tomrefjordkonfirmantar

Irmelin Gjelstenli Enger
Emilie Faksen
John Sivert Frøystad
Ryuny Mika Catane Gjelstenli
(konf. i Fiksdal 10. mai)

Thea Grønningsæter
Emilie Sterten Hanssen
Lena Hanssen
Benjamin Sundet Heinonen
Vegard Jensen
Vegard Tennøy Kjelsvik
John Magne Kjerstad
Silje Lid
Johanne Frostad Lyngvær
Lars Monstad
Amalie Aas Nilsen
Synnøve Vikås
June Wiik

Fiksdal kyrkje 10. mai

Fiksdalkonfirmantar

Ole Andreas Bergheim
Mads Dragnes
Andreas Fylling Ellingseter
Petter Fylling Ellingseter
Johannes Gjelsten Sørvik

Jonas Gjelsten Løviknes
Silje Melkild
Mona Nakken Rafteseth
Cecilie Eik Ræstad
Tobias Gjelsten Øvstegård

Vike kyrkje 10. mai

Vikekonfirmantar

Thor Hartman Lauridsen
Steinar Leikarnes
Sander Ødegård Leikarnes
Harry Olaf Reistad Mitchell

Tresfjord kyrkje 03. juni

Tresfjordkonfirmantar

Alice Lien Engeset
Malin Juul
Ingeborg Marie Oterhals Kjersem

Vestnes kyrkje 03. juni

Hellandkonfirmantar

Tobias Vullum Bolli
Kaja Maria Falch
Maria Frøystadvåg
Jonas Bergsbakk Hagen
Bendik Bergsbakk Hagen
Oliver Bergsbakk Hagen
Hanna Nerås Karlsen

Synne Klokset
Vanja Helen Kongshaug
Stine Vik Letrud
Lars-Helge Lien
Marius Mathisen
Suzane Ceran Misund
Sofie Nerhus
Noah Henriksen Pedersen
John Moldver Salthammer
Rebekka Melby Sele
Charlotte Sundkvist Søholt
Tobias Skorgen Søråas
Eskil Brunvoll Stenødegård
Stian Palconit Stokkeland
Odin Alexander Sundet



Kyrkjebladet sin økonomi

Ved Olav Egil Tomren

Kyrkjebladet har kome ut i over 20 år med tre nummer årleg. Det blir distribuert til alle husstandar i Vestnes kommune samt til nokre personar som har flytta frå kommunen, men som har bede om å få tilsendt bladet. Dei tilbakemeldingane vi får på bladet, er unisont positive. Derfor håper vi at vi skal kunne gje ut bladet også i framtida.

Det er sjølvsagt ikkje gratis å gje ut eit slikt blad. Sjølv om alt arbeid med å skrive artiklar etc. blir gjort på ulønt basis, kostar det å trykke og sende ut bladet. Vi er avhengige av frivillige gåver frå dykk for å dekke desse utgiftene. Gåveinntektene har falle litt den siste tida, så vi slit med å få inn nok til å dekke utgiftene. Vi vil derfor vere svært takksame om de bruker giroen i bladet til å hjelpe oss med det økonomiske, og håper at også dette bladet vil falle i smak.

Kyrkjebladet har frå i år fått seg eige Vipps-nr.: 511986.



Foto: Audbjørg Gjerde Lippert.

Læresveinen Peter – ein av dei tolv

Av Audbjørg Gjerde Lippert

Namnet hans var eigentleg Simon, men Jesus ga han tilnamnet Kefas (gr. Petros) som tyder klippen. Dette kan vi lese om i Mark. 3,16 og Matt. 16,18. Alle tre namna blir brukte enkeltvis i Det nye testamentet, men kombinasjonen Simon Peter finn vi òg. Peter budde i Kapernaum, og vi høyrer både om kona og svigermor hans i Bibelen (Kor. 9,5 og Mark. 1,30). Av yrke var han fiskar på Gennesaretsjøen saman med broren Andreas. Det var der dei blei kalla til Jesu læresveinar.

Det er vel to symbol vi først og fremst tenker på når det gjeld Peter: nøkkelen og hanen. Vi forstår at Peter hadde ein sentral plass blant læresveinane, og vi høyrer han ofte nemnd. Etter Jesu bortgang blei han vel av mange sett på som talsmannen for læresveinane og leiar for urkyrkjelyden. Matt. 16,17-19 kan forståast slik at det var Jesus sjølv som utpeika Peter til dette, og at han ga Peter nøkkelmakta, utgangspunktet for tradisjonen om at Sankt Peter har nøklane til himmelporten.


Mindre flatterande er vel hanesymbolet. Det viser til forteljinga frå rettargangen til Jesus i Jerusalem der Peter nektar tre gonger at han kjenner Jesus, før hanen har gale to gonger, - ei historie som blei fortald av Jesus før det skjedde. Først når hanen har gale andre gongen, forstår Peter kva han har gjort (Matt. 26,33-46 og 69-75). Vi kan lese om at Jesus etter oppstoda vender seg spesielt til Peter. Dette kan vere uttrykk for ein slags forrang i tillegg til at det nok markerer fornya tillit etter fornekinga.

Vi har vel danna oss eit bilete av Peter som ein impulsiv person med eit noko heftig temperament, men òg ein person med stor kraft. Ifølgje Apostelgjerningane hadde han ei sentral rolle i urkyrkjelyden, og det var han som opna for at ikkje-jødar kan døypast. Vi får ikkje vite meir i Apostelgjerningane om lagnaden til Peter etter at han forlét Jerusalem. Paulus meiner vel at han var ein omreisande apostel slik han sjølv var, og vi høyrer om at desse to møttest.

Elles reknast det som historisk truverdig at Peter døydd i Roma under keisar Neros forfølging ca. år 64, der han blei

krossfest, ofte sagt opp-ned, og ei kyrkje blei bygd over grava hans der Peterskyrkja står i dag. Det blir sagt at Markus skreiv evangeliet sitt på grunnlag av Peters forteljingar. I Det nye testamentet har to brev hans namn. Minnedag for Peter er 29. juni (Peters og Paulus' dag).

Viktigaste kjelda for denne artikkelen er min tidlegare lærar, Turid Karlsen Seim (1945-2016), UiO, og hennar opplysningar i Store Norske Leksikon.



Apostelen Peter. Ein mosaikk der Peter overrekker Karl den store Romas fane og pave Leo 3 ein stola (teikn på verdsleg og geistleg herredømme).

Og det seier eg (Jesus) deg:

Du er Peter, og på dette fjellet vil eg byggja mi kyrkje, og dødsrikeportane skal ikkje få makt over henne. Eg vil gje deg nøklane til himmelriket; det du bind på jorda, skal vere bunde i himmelen, og det du løyser på jorda, skal vera løyst i himmelen.» (Matt. 16, 18-19)

Kafé i Vike kyrkje

Ved Liv Gisnås

I haust starta Vike sokneråd opp eit forsøk med kafé i kyrkjekjellaren ein laurdag i månaden. Ideen blei lansert på kyrkjelydens årsmøte i fjor, og tanken var at kyrkja også kunne vere ein stad der ein kan møtast og slå av ein prat over ein kopp kaffi. Dette er i tråd med diakoniplanen som kyrkjene har. Der er det eit avsnitt som heiter Inkluderande fellesskap.

Serveringa har vore enkel, litt påsmurt og litt kake. Prisen har vore låg. Tanken er at ein ikkje først og fremst skal tene pengar, men gi eit sosialt tilbod alle kan ha råd til å nytte seg av. Vi har også hatt ei enkel utlodding kvar gong. Overskotet frå kafeen har gått til misjonsprosjektet som kyrkjelyden vår har. For tida støttar vi drifta av sjukehuset i Okhaldunga i Nepal, som Normisjon er med og driv.

Det har vore litt treig oppslutning om dei ordinære kafédagane fram til skrivande stund. Kanskje vi har vore litt for dårlege til å annonsere? Eller kanskje tiltaket treng å gå seg til? No etter nyttår har vi lagt tilbodet til andre vekedagar eit par månader. I februar var det kafé på feitetysdag, med stappfull kyrkjekjellar. I mars var det ballmiddag på ein fredag i kyrkjerommet. Men på det jamne vil det vere slike tilbod i kyrkjekjellaren på laurdag ettermiddag.

Kanskje kafeen vår kan bli eit kjærkome tilbod for turgåarar over Tresfjordbrua også? Velkomen er du i alle fall, om du er turgåar eller ikkje, om du bur på Vikebukta eller ikkje, om du pleier å gå i kyrkja eller ikkje! Følg med på annonseringa på Vike kyrkje si Facebookside!



Aktuelt frå Vestnes sokneråd

Ved Håvard Skrede

VIPPS

Ved ofring i Vestnes kyrkje har ein ei stund også kunne bruke VIPPS i tillegg til å legge kontantar i offerskåla.

VIPPS-nummeret til Vestnes sokn er # 108523.

E-post Vestnes sokneråd er:

vestnes.sokneraad@gmail.com

Misjonskveldar i Vestnes

Vestnes sokneråd har misjonsavtale med Det Norske Misjonsselskap, med Etiopia som land, der vi har forplikta oss til å bidra med ein viss sum i løpet av året. I vinter har soknerådet saman med misjonskontakten Liv Turid Kristi-seter arrangert eit par misjonskveldar der vi blant anna har

hatt besøk av nokon som har vore i ulike afrikanske land og har fortalt frå opphaldet sine i desse landa. Først ut var Anne-Julie og Ola Nakken i januar. Dei fortalde frå turen og opplevingane sine i Madagaskar hausten 2017.

I mars hadde vi besøk av Eli Vollen, som har vore misjonær i Kamerun. Til hausten vil det bli fleire slike misjonskveldar.

Messehakel i monter i Vestnes kyrkje

Den eldste messehakelen i Vestnes kyrkje er frå 1714 og er no komen i monter i kyrkja slik at alle kan få sjå han.

Etter 300 års slitasje vart han send til Bergen for restaurering. No er han altså tilbake, og du kan sjå kor fin han er i Vestnes kyrkje.



Nytt tilbud for grublere!

Av John Sylte

Har du noen gang blitt utfordret på troen din, og ikke klart å svare for deg? Synes du det er vanskelig å tro, eller er du bare nysgjerrig på hvilke svar den kristne troen har å komme med i møte med innvendinger?

Denne våren starter vi opp gruppen for deg! I «Filosofi-hjørnet» vil vi ta for oss ulike temaer, se på argumenter for den kristne troen og diskutere ulike innvendinger mot den. Et eksempel kan være: hva svarer vi når noen påstår at Jesus er en myte? Er han det, eller finnes der gode historiske argumenter for å hevde det motsatte?

Sokneprest John Sylte - som selv er meget interessert i trosforsvar (apologetikk), forholdet mellom tro og vitenskap osv. - vil lede undervisningen når gruppen møtes.

Målgruppen er alle interesserte, fra konfirmantalden og oppover. «Filosofi-hjørnet» er også stedet hvor ungdommer kan møtes og samtale om ulike utfordringer troen møter



der ute. Man trenger heller ikke å ha tatt et klart valg for å bli med. Kanskje er man bare nysgjerrig og sitter på gjerdet? Kanskje vil man bare høre argumentene? Det er helt i orden, selvfølgelig. Eneste kriterium for å bli med er godt humør og et åpent sinn.

Vi vil møtes i «Filosofi-hjørnet» én gang i måneden, fra mars av (følg med på hjemmesiden for mer informasjon). Da har vi en kort undervisning over et utvalgt emne, samtaler i smågrupper og litt mat. Det blir også tid til å stille eventuelle spørsmål som måtte dukke opp. 21. april får vi også besøk av selveste Bjørn Are Davidsen, som skal holde foredrag om Likkledet i Torino! Er det kledet Jesus lå i da han sto opp fra de døde, eller er det en forfalskning? Hva sier fakta? Det blir en spennende dag.

Vi håper mange vil ta på seg tenke-hatten og bli med i «Filosof-hjørnet»!

KYRKJEBLADET FOR VESTNES

Redaksjonskomité: Kari Moe Elgsaas, Asbjørn Gisnås, Audbjørg Gjerde Lippert, Kari Nakken og Reidun Blø

Adresse: Kyrkjekontoret, Myra 3, 6390 Vestnes

*

Vi oppfordrar dei som måtte ha forslag til stoff eller noko dei vil ha med i Kyrkjebladet, til å ta kontakt med redaksjonen.

Vi er avhengige av gaver til drift og distribusjon av Kyrkjebladet.

Kontonummer: 4056.20.62124

Vipps-nr.: 511986

Det er muleg å bestille bladet for dei som bur utanfor kommunen.



Kyrkjeverja sitt hjørne

Inger Marie Sylte har slutta som sokneprest i Tresfjord og Vike sokn. Vi vil takke ho for det flotte arbeidet ho har lagt ned i heile kommunen, først i trusopplæringa og så dei siste åra som sokneprest. Lukke til vidare, Inger Marie!

Detaljprosjekteringa for utviding av Vestnes kyrkjegard er ferdig, og dokumenta er sende ut på anbod. Frist for å levere tilbod var sett til 28. februar. Pga. tidleg «deadline» for innsending av stoff til Kyrkjebladet, er det i skrivande stund uklart kor mange tilbod som er komne inn. Det var tilbodsbefering 26. januar, og då var det representantar frå fem ulike entreprenørar til stades. Det lovar godt for at det skal bli konkurranse om å få oppdraget, noko som forhåpentlegvis kan påverke totalkostnaden i positiv lei for oss.

Laurdag 21. april kl.17.00 i Vestnes kyrkje får vi besøk av Bjørn Are Davidsen som skal halde foredrag om temaet «Likkledet i Torino». Han er ein kjend skribent og foredragshaldar, og har mellom anna spesialisert seg på tema om trusforsvar. Eg vil oppfordre til eit besøk i kyrkja den ettermiddagen.

Eg vil til slutt ynskje alle våre lesarar ei vel-signa påskehøgtid!

Olav Egil Tomren
kyrkjeverje

VESTNES KYRKJEKONTOR

Ope måndag - torsdag kl. 08.30-15.00
Telefaks: 71184231

John Sylte, sokneprest
Telefon 71184234/ 91865064
E-post: john.sylte@vestnes.kommune.no

Øyvind Gundersen, fungerande sokneprest
Telefon 71184236/ 94846246
E-post: oyvind.gundersen@vestnes.kommune.no

Reidun Blø, kontorsekretær: Telefon: 71184232
E-post: reidun.blø@vestnes.kommune.no

Olav Egil Tomren, kyrkjeverje
Telefon: 71184235/ 91629416
E-post: kyrkjeverje@vestnes.kommune.no

Ellen Edvardsen, diakon
Telefon: 71184237/ 97499175
E-post: diakon@vestnes.kommune.no

Ingvild Venås Sánchez, trusopplærer
Telefon: 71184238/ 41472908
E-post: kyrkjelydspedagog@vestnes.kommune.no

Sissel Schiøtt, kantor: Telefon: 71184230/ 95270346
E-post: sissel.schiott@vestnes.kommune.no

Geir Falch, kyrkjetenar: Telefon: 90217404

Nina Kvernmo, konfirmanrtlærer
Telefon: 95231698 , E-post: nkvernmo@online.no

Heimeside til kyrkjene i Vestnes:
www.vestnes.kyrkja.no

Årsfest/soknemøte

Fredag 06.04.18 kl.18.00

Kyrkjestova

Program

Andakt
Årsmelding
Rekneskap
Underhaldning
Utlodding
Mat og kaffi

Velkommen!

Tresfjord sokneråd



Konsertar i kyrkjene våre våren og sommaren 2018

Vestnes kyrkje onsdag 21. mars kl. 19.00

Påskekoncert med Tomra Brass Band. Det blir variert og fin musikk. Gratis inngang og kollekt ved utgang.

"Vårens vakraste eventyr"

i Vestnes Kyrkje søndag 8. april kl. 17.00.

Tomrefjord Songlag med dirigent Jostein Maude arrangerer konsert. Vi skal i lag med solistane Hallvar Djupvik, Stephanie Lippert Djupvik, Jeanette Ekornåsvåg Goldstein, Jørgen Backer og fullt strykeorkester framføre Gloria av Vivaldi, Kantate nr 172 av Bach og Vesperae solennes de confessore av Mozart. Orkesteret består av bl.a. unge musikarar frå Møre og Romsdal.

Fiksdal kyrkje

30. april kl. 19.00

Ei musikalsk reise med Didrik Solli-Tangen

Etter suksessen i Stjernekamp reiser no Didrik Solli-Tangen ut på turné. Han vil fortelje historia si om korleis songen greip han som 15-åring, den klassiske utdanninga, sigeren

i MGP og vegen fram til der han er i dag. Didrik vil synge songane som har prega han og betydd mykje for utviklinga hans. Det vil vere innslag frå musikal, pop, opera og viser. Ideen bak denne turneen er det intime og den direkte kontakten med publikum. Derfor vil Didrik no reise rundt med ein enkel produksjon for å besøke små kyrkjer, og skape ei unik stemning og ein hyggeleg konsert for alle.

Vestnes kyrkje

29. juni kl. 19.00

Henning Sommerro (hovudartist), TrondheimSolistene, Knut Marius Djupvik, Hallvar Djupvik og Stephanie Lippert og fleire artistar som vil bli annonsert seinare.

Konserten består av nyare musikk han har skrive, samt gamle slagarar som Vårsøg, Blå Salme og E Slåttatæja. Det vil også bli framført salmar, nokon av Sommerro og andre tradisjonelle salmar.

Arr. Musikkens Venner Tomrefjord



DEN NORSKE KYRKJA



Røde Kors
Omsorg



Ettermiddagskafé på

Kyrkjestova i Tresfjord

Følgjande tirsdagar frå kl. 16.30 - 18.30

10. april, 8. mai, 5. juni og 11. september



Inga påmelding, her er det berre å møte opp! Treng du skyss til ettermiddagskafé?

Ring då til Silje Sylte på telefonnr.: 950 93 306.

Ta kontakt i god tid, så det kan samkjørast på best muleg måte.


Omsorgstilbodet er eit samarbeid mellom Tresfjord Røde Kors og Tresfjord Sokneråd.

KAFFEKROKEN



Fargelegg!

Jesus vaska føtene til læresveinane.



Teikning: Jan McCafferty

Prikk til prikk

Teikn ein strek frå 1 til 2 og så vidare. Kva skjuler seg?



Mannen gjekk inn på reisebyrået og sa:
– Eg vil ha ein billett til Sikte.
– Sikte, kor er det?
– Eg veit ikkje, men på vêrmeldinga sa dei at det var betre vêr i Sikte.

Vitsar

– Kvifor et du plaster?
– Eg har så vondt i magen.

– Kvifor puttar du iPhonen din i juspressa?
– Eg lagar Apple-jus.

Finn 5 feil

Teikning: Jan McCafferty

Kvelden før Jesus blei korsfesta, feira han påskemåltid med læresveinane sine. Finn dei fem feila i biletet til høgre.



Gje barnebladet BARNAS til eit barn du er glad i!

Desse oppgåvene er henta frå bladet.

Bestill abonnement

på sondagsskolen.no eller 22 08 71 00



Slekters gang

Vestnes kyrkje

Døpte:

03.12 Isak Brastad Nerhus
03.12 Marelus Johan Sørensen-
Kjøpstad
14.01 Jenny Bjørdalsbakke
14.01 Magnus Eli Villegas Unlayao

Vigde:

23.12 Christell Hellström og
Sveinung Sagen

Døde:

13.11 Mette Brauteset Monsen
20.11 Inga Øveraas
28.11 Betsy Tomren
04.12 Bjørn Ødegård
04.12 Inger Karin Kjersem
07.12 Henrik William Valen
13.12 Jostein Kjersem
14.12 Ingjerd Palma Frostad
28.12 Kari Os
04.01 Sigbjørn Idar Frostad
19.01 Robin Samson Vad
31.01 Aslaug Seljeflot
05.02 Kirsten Misund
28.03 Bernt Pedersen
01.03 Astrid Eidsvik

Tresfjord kyrkje

Døpte:

26.12 Sarah Elise Vestnes
18.02 Pia Fredrikke Frostad
Tangen

Døde:

17.11 Ingebjørg Birgitta Øvstedal
24.12 Nils Arne Kjøpstad
02.01 Liv Kari Eidhammer
19.01 Jon Ingvar Eiknes
19.01 Nils Jostein Kjersem
29.01 Adolf Hungnes
13.02 Anton Villa
02.03 Peder Kjersem

Vike kyrkje

Døde:

20.11 Anne Sissel Frisvoll
14.12 Jorun Ulrikke Leikarnes

Fiksdal kyrkje

Døpte:

25.12 Edvin Johan Høøk-Gjerde
04.02 Tomine Isabell Marken
04.02. Aurora-Linneah Merten
11.03. Elizabeth Bergheim Martin

Døde:

01.02 Ingeborg Frostad



Gudstenester i Vestnes

(med atterhald om evt. endringar)

25. mars Palmesøndag

Myra kulturhus kl. 11.00
Storfamiliegudsteneste.
Sittedansgruppa deltek.
Takkoffer til Changemaker.

29. mars Skjærtorsdag

Tomresetra kl. 12.00
Sportsandakt.
Takkoffer til eigen kyrkjelyd.

Tresfjord trygdeheim kl. 16.00

Nattverdsgudsteneste.

Vike kyrkje kl. 18.00

Nattverdsgudsteneste.
Takkoffer til eigen kyrkjelyd.

30. mars Langfredag

Vestnes kyrkje kl. 11.00
Langfredagsgudsteneste.
Takkoffer til Evangeliesenteret.

Vestnes sjukeheim kl 16.00

Nattverdsgudsteneste.

01. april Påskedag

Fiksdal kyrkje kl. 11.00
Høgmesse. Nattverd.
Takkoffer til Israelsmisjonen.

Vestnes kyrkje kl. 11.00

Høgmesse. Nattverd. Takkoffer til
Kirkens SOS Møre og Romsdal.

02. april 2. påskedag

Tresfjord kyrkje kl 11.00
Høgmesse. Nattverd. Takkoffer til
Diakoniarbeidet i soknet.

08. april 2. s. i påsketida

Fiksdal kyrkje kl. 11.00
Ekumenisk gudsteneste.
Takkoffer til Misjonskirken.

15. april 3. s. i påsketida

Vestnes kyrkje kl. 11.00
Høgmesse. Nattverd. Takkoffer til
Diakoniarbeidet i soknet.

Tresfjord kl. 18.00

Tomasmesse. Nattverd.
Takkoffer til KRIK Vestnes.

framhald side 24

framhald frå side 23 **Gudstenester i Vestnes**

22. april 4. s. i påsketida

Vestnes kyrkje kl. 11.00

Høgmesse. Nattverd.

Takkoffer til Misjonsprosjektet i Etiopia.

25. april onsdag

Tomrefjord Kristne

Forsamlingshus kl. 18.30

Ung messe/ samtalegudsteneste for

Tomrefjordkonfirmantane.

Takkoffer til KRIK Vestnes.

29. april 5. s. i påsketida

Vike kyrkje kl. 11.00

Høgmesse. Nattverd.

Takkoffer til Barnevakten.

02. mai onsdag

Tresfjord kyrkje kl. 18.30

Ung messe/ samtalegudsteneste for

Vike- og Tresfjordkonfirmantane.

Takkoffer til Kyrkjestova.

Fiksdal kyrkje kl. 18.30

Ung messe/ samtalegudsteneste.

06. mai 6. s. i påsketida

Vestnes kyrkje kl. 11.00

Konfirmasjonsgudsteneste for

Tomrefjordkonfirmantar.

Takkoffer til konfirmantarbeidet.

10. mai Kristi himmelfartsdag

Vike kyrkje kl. 11.00

Konfirmasjonsgudsteneste.

Takkoffer til Konfirmantarbeidet.

Fiksdal kyrkje kl. 11.00

Konfirmasjonsgudsteneste.

Takkoffer til Eigen kyrkjelyd.

13. mai søndag før pinse

Vestnes kyrkje kl. 11.00

Høgmesse. Nattverd.

Takkoffer til Kirkens familievern.

17. mai Grunnlovsdagen

Gudstenester i:

Fiksdal kyrkje kl. 10.00

Takkoffer til Laget NKSS.

Vike kyrkje kl. 10.00

Takkoffer til Redd Barna.

Tresfjord kyrkje kl. 12.00

Takkoffer til Eigen kyrkjelyd.

Vestnes kyrkje kl. 12.00

Takkoffer til Kirkens Nødhjelp.

20. mai Pinsedag

Vestnes kyrkje kl. 11.00

Høgmesse. Nattverd.

Takkoffer til Rådet for psykisk helse.

21. mai 2. pinsedag

Tresfjord kyrkje kl. 18.00

Kveldssong.

Takkoffer til Kirkens nødhjelp.

23. mai onsdag

Vestnes kyrkje kl. 18.30

Ung messe/samtalegudsteneste for

Vestneskonfirmantane.

Takkoffer til Kirkens Bymisjon.

27. mai treeiningssøndag

Fiksdal kyrkje kl. 11.00

Høgmesse. Nattverd.

Takkoffer til Kyrkjelydshuset.

03. juni 2. s. i treeiningstida

Tresfjord kyrkje kl. 11.00

Konfirmasjonsgudsteneste.

Takkoffer til Misjonsprosjektet i Mali.

Vestnes kyrkje kl. 12.00

Konfirmasjonsgudsteneste for

Vestneskonfirmantar.

Takkoffer til Konfirmantarbeidet.

10. juni 3. s. i treeiningstida

Korsstøneset kl. 12.00

Gudstenestevandring.

Takkoffer til Åkerlehaugen.

17. juni 4. s. i treeiningstida

Fiksdal kyrkje kl. 11.00

Høgmesse. Nattverd.

Takkoffer til Sjømannskirken.

24. juni 5. s. i treeiningstida

Tomresetra kl. 12.00

Skaparverkets dag. Takkoffer til Blå Kors.

01. juli Aposteldagen

Vike kyrkje kl. 11.00

Høgmesse. Nattverd.

Takkoffer til Eigen kyrkjelyd.

08. juli 7. s. i treeiningstida

Vestnes kyrkje kl. 11.00

Høgmesse. Nattverd.

Takkoffer til Institutt for sjelesorg.

Stall Kjersem kl. 16.00

Skaparverkets dag.

Takkoffer til Amahea.

15. juli 8. s. i treeiningstida

Fiksdal kyrkje kl. 11.00

Høgmesse. Nattverd.

Takkoffer til KRIK Vestnes.

22. juli 9. s. i treeiningstida

Vestnes kyrkje kl. 11.00

Gudsteneste. Takkoffer til Åkerlehaugen.

29. juli Olsok

Tresfjord kyrkje kl. 17.00

Folkemusikk gudsteneste.

Takkoffer til Kyrkjestova.

05. august 11. s. i treeiningstida

Vike kyrkje kl. 11.00

Høgmesse. Nattverd.

Takkoffer til Utsmykking i kyrkja.

12. august 12. s. i treeiningstida

Øygardsbukta, Rekdal kl. 12.00

Friluftsgudsteneste.

Takkoffer til Eige arbeid.

19. august 13. s. i treeiningstida

Vestnes kyrkje kl. 11.00

Høgmesse. Nattverd.

Takkoffer til eigen kyrkjelyd.

26. august Vingardssøndag

Tresfjord kyrkje kl. 11.00

Gudsteneste med konfirmantpresentasjon.

Takkoffer til eigen kyrkjelyd.

Fiksdal kyrkje kl. 18.00

Gudsteneste med konfirmantpresentasjon.

Jubileumskonfirmantar deltek.

Takkoffer til Eige arbeid.

02. sept. 15. s. i treeiningstida

Vike kyrkje kl. 11.00

Gudsteneste med konfirmantpresentasjon.

Takkoffer til KRIK Vestnes.

Vestnes kyrkje kl. 18.00 Gudsteneste

med konfirmantpresentasjon.

Takkoffer til konfirmantarbeidet.

09. sept. 16. s. i treeiningstida

Fiksdal kyrkje kl. 11.00

Haustattakkefest. Utdeling av 4-årsbok.

Takkoffer til IKO.